

Fra: Jan Kvingedal <jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no>

Sendt: 14.04.2023 13:58:21

Til: Liv Oda Dale <liv.oda.dale@masfjorden.kommune.no>

Emne: VS: Stordalshammaren - veg til gnr. 50 bnr. 130 og 131

Kan du leggja denne på sak 21/290 ?

Jan Kvingedal
-Sakshandsamar-

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES
Direkte: 56166273, Sentralbord: 56166200
E-post: jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no
Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>

Frå: Bjørnar Vik <vik.bjornar@gmail.com>

Send: onsdag 12. april 2023 09:49

Til: Jan Kvingedal <jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no>

Kopi: Ove Sognnes <ovesogn@gmail.com>

Emne: Stordalshammaren - veg til gnr. 50 bnr. 130 og 131

Hei, ser at det blir problematisert at det er bygd tilkomstveg inn på tomt bnr.131. Denne er felles for tomtane bnr. 130 og bnr. 131.

Jfr. epost frå Sigmund Hopland 23.03.23.

Litt omkring dette:

Vegen er bygd i ende parkeringsplass P2, etter tilsagn frå Stordalen Tomteselskap AS 03.02.2016.

Samtlege tomtar i hyttefeltet har tilsvarande vegar inn på sin tomt. I samband med reguleringsendring i 2018, har kommunen i si saksutgreiing lagt vekt på at tomtane har etablert slik veg og parkering på eigen tomt når behovet for felles parkeringsplassar er vurdert.

Dette er også vektlagt i fylkesmannen si stadfesting av reguleringsendringa 18.03.2019.

Det som skiljer denne vegen frå dei andre vegane, er at den berører felles parkeringsplass P2.

Vegen tar 0,4 m2 av denne parkeringsplassen. Parkeringsplassen er utvida med 17 m2 i motsatt ende, og er dermed større enn før vegbygging.

Stordalen Tomteselskap AS synes vegen er plassert på ein god måte, uten å vere til sjenanse for øvrige hytter. Når den heller ikkje fører til tap av felles parkeringsareal, ser vi ingen grunn til problematisering. Vegen er i tillegg felles for 2 tomtar, slik at ytterlegare terrenginngrep blir spart.

Slik praksis i hyttefeltet er, med bygde vegar inn på dei fleste tomtane, stiller vi spørsmål om tiltaket strengt tatt er søknadspliktig. Vi kjenner ikkje til om øvrige tomtar har søkt godkjenning for sine vegar. Kommunen bør ta ei snarleg synfaring på plassen, og revurdere pålegg om søknad.



STORDALEN TOMTESELSKAP AS

Bjørnar Vik

Dagleg leiar

Tlf: 90 600 163. Epost: vik.bjornar@gmail.com

Tilknyttta selskap:

Matretunet AS, Fensfjordbygg AS, Stordalen Fjellstove AS, Vik Eigedomsutvikling AS